Bibeltekst: Matteus 26,30 – 27,50
Dag: Langfredag
Kyrkje: Time
Dato: 03.04.2015
Tema: Forlatt

”Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?”
Evangelietradisjonen fortel om 7 ord av Jesus på korset. Matteus nøyer seg med eitt av dei: *”Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?”*

Kvifor akkurat dette? Gjorde det så inntrykk? Var det så uventa? Grip det korset si gåte meir enn dei andre orda? Er det bare så uforståeleg at Jesus kunne seia dette?

Ja, for det virka jo ikkje som han ofte var særleg forlatt av Gud. I alt han gjorde og sa merka folk Guds nærvær. I han kom Gud nær til andre. I han kunne Gud anas, sjås, erfarast. Mens det nå på korset ender i eit skrik ingen har sett eller ant frå Jesus før: *”Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?”*

Det er faktisk **hans rop**! Gud som før var nær, er nå vekke. Jesusord som elles ånda av gudsnærvær er nå eit skrik av gudsfråver. Det er faktisk Jesus som ropar dette!

Og det er ikkje bare han. Det er også **vårt** rop. Eit skrik som rullar rundt kloden, som trengjer seg fram i livet sine vonde fasar, kriser og katastrofar: *”Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?”*

Det er **vårt** rop. Nå gjer Jesus det til **sitt**. Alle klagande sitt rop når Gud kjennes fjern og vekke.

Eg trur du har kjent det? I alle fall omen av det? Forlatt! Redselen for å verta forlatt stikk djupt i oss. Dei som har greie på barnesinnet, kan fortelja at barnet sine første og største redsler er knytta til det å verta forlatt av omsorgspersonen ein er knytta til og avhengig av. Noko av motviljen mot å vera forlatt lærer me å leva med etterkvart som me vert sjølstendige. Men veksa det av oss? Det gjer me ikkje. Redselen for å verta forlatt kan nok skifta fasong, men forsvinn aldri. Me er sosiale skapningar. Me treng kvarandre. Me føler det på kropp og sinn når me står uten dei me er glad i. Når skrika går til fedre og mødre og ungar og tidlegare venner: Kvifor har du forlatt meg?

Det fins eit skrik som kanskje er ennå verre. Når all verdens meining rasar i hop, grunnen sviktar og ropa gjallar: *”**Min Gud, min Gud**, kvifor har **du** forlate meg?”*
Ein frykteleg følelse: At garantisten for livet si meining har snudd meg ryggen. At Faderen er bortkomen, slik Arne Garborg formulerte det. Opplevinga jagar gjennom skrotten: Gløymt av Gud? Tru at alle rop til han er rop til ein mur som ikkje gjev anna svar enn ekkoet av mitt eige skrik.

Det skal ikkje alltid så mykje til. Ei gjennomsnitts nyhetssending på TV greier seg lenge. Erfaringane grin imot oss. Det kan sjå ut som om Gud har latt verda segla sin eigen sjø. Innslaga i nyhetssendingane hopar opp vitneutsagn om at Gud har forlatt oss. Ropet skrik frå strender ramma av flodbølge, frå fastlåste konfliktar, ørkenar som breier seg og ekstremver som aukar, frå Guds ypperste skapningar som er ekspertar i å visa fram kalde hjarte, tome hjernar, kortsiktige lyster, råe drap og kynisk makt, kalde og glovarme krigar.

Dess meir livet røyner på, dess vanskelegare kan det vera å snakka om at Gud er nær. Det er som om Gud svarar på bøner med taushet, på gråt med stumhet, på anklagar med stillhet. Ein etter ein melder me oss inn i koret av resignerte og klagande: *”Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?”*

For ganske mange er det **kort** medlemskap i det koret. Dei går vidare. Enten til koret av dei som snakkar **om** Gud og ikkje **til** Gud og seier: «Gud fins ikkje». Eller til flokken av dei som faktisk

ender opp med større sjølvinnsikt når Gud får den ærlege klagen. Dei ser at sannheten er minst like mykje **denne**: *”Min Gud, min Gud, kvifor har **vi** forlatt **deg**?”*

Det er ikkje **det** ropet som presser seg fram over Jesus sine lepper på korset, sjølv om det hadde vore forståeleg. Han kunne godt ha spurt kvifor så mange har forlatt Gud og snudd ryggen til Gud og hans vilje. For det er jo det som skjer på langfredag. Ein grufull historie om menneske som feilar, fell, sviktar og svik. Ein etter ein står fram og vitnar - med falske vitnesbyrd om Gud og sanne om mennesket. Seier det ikkje med ord, men demonstrerer det i praksis: *”Min Gud, min Gud, kor grundig me har forlatt deg?”*

Eg trur det er dette eg må våga å sjå langs smerteveien din, Jesus. På vegen inn i Getsemane får du sterke forsikringar: Ingen skal forlata deg. Men dess sterkare orda var, dess større var fallet. Dess sterkare måtte du erkjenna at vennskap ikkje heldt når dagane vart vonde. Vegen din mot kors og død er ei kjellartrapp med svik på kvart trinn.

Ensom går du inn i kampen din i Getsemane. Ikkje eit vake auga! Ikkje ein menneskenatur med styrke og empati nok til å stå med i kampen. Det ropar opp frå bokstaver og linjer som fortel din lidingshistorie og mennesket sin skyld-historie: *”Min Gud, min Gud, kvifor har me forlatt deg?”*

Du må sjå Judas forråda deg for pengar og egenrådige tankar om kven du skal vera. Ein venn bli ein fiende. Eit kyss bli eit falskneri. Slik du seinare har sett så altfor ofte at nokre nærmar seg deg med leppene, men fjerner seg med hjarta.

Eller bringer fram falske anklagar for å få den dommen me vil ha. Du vart offer for det, slik mange med deg har vorte. Dømt av høge og mindre høge råd. Offer for maktkamp og misunning. Dømt i justismord. Dødsstraff med religiøs motivasjon. Din skjebne. Mange sin skjebne.

Utlevert til Pilatus. Til ein som gjev etter for press. Som ikkje står for det han trur er sant. Som prøver å kjøpa seg fri og gjera seg uskuldig med å leggja ansvaret på andre. Han visste kva han sa, men ikkje kva det betydde. For kven kan seia seg uskuldig i at Jesus døde. Korsfestinga er jo den ytterste konsekvensen av kor grundig me har forlatt Gud.

Så ser eg deg gå den tunge vegen med korset, Jesus. Utlevert til spott og slag. Til folk som ikkje forstår kva dei gjer. Du går vegen til endes. I rekka av dei som fornedrast med å måtta bera sitt eige henrettelsesredskap. Som skulder til skulder med andre må grava si eiga massegrav før folkemordet skjer. Som andre jødar som måtte kjøpa sine eigne togbillettar til Auschwitz. Herre, min Gud, korleis det er **me** som har forlatt **deg**!

Og så fortel Matteus **den** eine tingen om deg på korset – bare dette. **Du ropar ikkje ut vår skuld**! Du tier om den og naglar i plassen skuldbrevet fast til korset for å sletta det. Du ropar ikkje ut den anklagen mot oss som dansar over og under og på og mellom linjene i påskedramaet. Du ropar i plassen vårt smerterop. Du anklagar oss ikkje for at me har forlatt Gud. Men du ropar i hop med alle oss som slit med å finna meining og håp i livet sitt kaos: *”Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?”*

Det er vårt rop og det er ditt. Du gjer vårt til ditt. Og slik er det mykje trøst i livssmerten vår med at Jesus brukar og deler det klageropet som har lydd frå kong Davids tid. Då treng eg ikkje bruka så mykje og vond tid på å leita etter Guds meining **bak** det som er vondt. Eg kan opna meg for Guds meining **i** det som skjer.

Men det er likevel meir og djupare ting som skjer på korset. Jesus ropar eit rop som er **bare** hans: *”Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?”*

Alt tyder på at dette var reellt. Han **følte** seg ikkje bare forlatt, som me også kan. Han **var** forlatt. Slik ingen av oss har vore. Slik ingen av oss treng verta. For han gjorde dette for oss.

Med dette eine ordet på korset og med skildringa av det som skjer når Jesus døyr, fortel Matteus at korset er eit oppgjer hos Gud. Mørket legg seg. Jorda skjelv. Forhenget i templet revnar i to. I den revna kan me gå inn med meir enn våre nødrop. Me kan koma med vårt **svik**. Me kan koma med **skammen** over at det er me som forlet Gud. Me kan koma med den **skulda** som er vår og bare vår for dette. Me kan koma med synd og verta tilgitt. Me kan koma med det veike og forgjengelege og få håp. *"Min Gud, min Gud, du har jo ikkje forlate meg?"* Elskar du så? Er Jesu død så mykje verdt?

Å få **grep** om korset si store gåte, kan ingen av oss. Men denne langfredagen vil eg i alle fall høyra kva Matteus seier: Jesus hang der, forlatt av Gud. Som den einaste. Og etterpå er livet eit anna. For oss. Han har sona og gjort opp. Han gjengjelder vår inngrodde evne til å snu ryggen til Gud, med å setja oss i ein stilling der det er full adgang til Gud. Himmelen er open.
"Min Gud, min Gud, kan eg anna enn å slutta å forlata deg!"